

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## Årsmelding 2007

Vedteke i styringsutvalet 11.3.08

Forutan direkte oppdrag for etablerarar og bedrifter og sekretærfunksjonen for Osterøy Industrilag har følgjande oppgåver prega arbeidet i 2007: **sekretariat for Osterfjord Næringsamarbeid, prosjektleiar** for/avslutting av det EU-finansierte prosjektet **TECHTRA**, prosjektleiar for pilotprosjekt for å utløyse ei **bioenerginæring** i Hordaland, prosjektleiar for Enova-støtta forprosjekt for moglege nær/fjernvarmeanlegg og anlegg for varme-produksjon i Osterfjordregionen, sekretær for **kompensasjonsstyret** og sekretær for komiteen for fornying av **Osterøy vidaregåande skule** (nytt skulebygg og Kompetansesenteret for avansert maskinering, KAM).

Industrikonsulenten har bistått ved oppfølging av 9 **skattefunnprosjekt** i 2 Osterøy-bedrifter og 1 samarbeidande Sunnmørsbedrift.

Talet på **nye oppdrag**, 30, var på nivå med føregåande år. Talet på **etablerings-oppdrag**, 19, auka litt. Over halvparten av desse nye etablerings-oppdraga har resultert i **nye verksemder**. I dette talet er ikkje rekna med nyetableringar i 2007 i samband med oppdrag som er registrerte året før/tidlegare år. Den delen av dei me har bistått som verkeleg registrerer eit firma, er høgare enn i periodar der pågangen har vore større.

I 2007 arbeide industrikonsulenten snautt 90% stilling med kombinert løn frå Industrikonsulenten og prosjektløn frå Osterfjord Næringsamarbeid.

Industrikonsulenten er **sekretær for Osterøy Industrilag**. Industrilaget har hatt mykje fokus på samferdsle/ ny veg mellom Hauge og Lonevåg og Arnatunnelen og å sikre tenleg industriareal. Industrilaget arbeider også for kompetanseutvikling, m.a. innan CNC/avansert maskinering og robothandtering. Sjå eiga årsmelding.

**Kommunen har gitt tilskott** til Industrikonsulent- verksemda også for 2007. Dette ligg inne i kommunen sitt langtidsbudsjett. Kommunen held kontor til Industrikonsulenten.

Me får tilskott på kr 25.000 frå **Hordland fylkeskommune** via **Osterfjord Næringsamarbeid** til næringsutviklingsarbeid. Osterfjord Næringsamarbeid har godtgjort arbeidet som sekretær for næringsamarbeidet med kr 70.000.

### OPPDRAG

Forutan ein del oppdrag frå året før som det har vore arbeidd vidare med, har Industrikonsulenten altså fått **30 nye oppdrag i 2007**. Dette er både reine kontakt- og informasjonsformidlingsoppdrag og oppdrag der konsulenten har gjort ein "jobb" for verksemda. Omfanget av oppdraga varierer frå oppdrag som vert løyste pr telefon til det største oppdraget som var på 26,5 timar.

Oppdraga var fordelte slik:

	2004	2005	2006	2007
Nye etablerings-oppdrag	35	19	15	19
Nye oppdrag for etablerte verksemder	19	15	13	11
<b>SUM</b>	<b>54</b>	<b>34</b>	<b>28</b>	<b>30</b>

I tillegg til det som er registrert som "oppdrag", kjem ei rekkje kontaktar med verksemdene gjennom sekretærfunksjonen for Industrilaget og gjennom prosjektarbeid.

For dei fleste av etableringsoppdraga var ønsket om å ha ein "samtalepartner" utgangspunktet for kontakten. Von om gunstig "finansiering/tilskott" var utgangspunkt for nokre. Fleire tok kontakt for å få utarbeidd "næringsfagleg vurdering" som grunlag for støtte gjennom NAV. Det at det finst tilskottsordningar, er eit hjelpemiddel til å kome i kontakt med oppdragsgjevarane. Det er svært få som oppnår å få tilskott. Skattefunnordninga med skattefrådrag for utviklingsarbeid er ei bra ordning for veletablerte bedrifter, men det er no få som nyttar seg av ordninga.

Følgjande oppstilling syner korleis oppdraga er fordelte med omsyn til storleik på verksemdene:

Tilsette	Tal oppdrag
Nyetablering	19
1-4	3
5-9	0
10-19	2
20-49	3
50-100	3
<b>SUM</b>	<b>30</b>

77 % av oppdraga er komne i stand etter direkte initiativ frå kunden. Dette inneber at det er kundane sjølve som i stor grad finn fram til og spør etter hjelp frå Industrikonsulenten. Kva oppdrag Industrikonsulenten arbeider med, vert i stor grad styrt av dette. Ved 63% av oppdraga var første kontakt pr telefon. Oppdraga har vore frå 28 ulike etablerarar / verksemdar. For 2 verksemd er det handsama 2 oppdrag.

Oppdraga for **eksisterande verksemdar** bransjefordelt:

Mekanisk industri	7
Anna industri	3
Tenester	1
<b>SUM</b>	<b>11</b>

I disse tala kjem ikkje med oppdrag for eksisterande industri som går over fleire år.

**Etableringsoppdraga** bransjefordelt:

Ulike former for tenester	10
Industri	3
Bygg og anlegg	3
Handel	3
<b>SUM</b>	<b>19</b>

Det er vanskeleg å seie kor mange verksemdar det vert av desse etablerings-sakene, mange etableringar skjer over tid, men over halvparten har starta ny verksemd i løpet av året.

## **ANDRE SAKER INDUSTRIKONSULENTEN HAR ARBEIDD MED**

Forutan å vera **sekretær for Osterøy Industrilag** (sjå eiga årsmelding) har Industrikonsulenten arbeidd med mellom anna følgjande oppgåver av meir generell karakter for Osterøy-næringslivet;

\* Osterøy-næringslivet fekk **kompensasjon for auken i arbeidsgjevaravgifta** frå 1.1.2000 t.o.m. 2003. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret. Kompensasjonsstyret har arbeidd aktivt for å bidra til realiseringa av ny riksveg 567 Hauge – Lonevåg med m.a. hjelp av ca 8 mill kr i kompensasjonsmidlar. Bompengefinansieringa vart gokjend i Stortinget i desember 2007. Etter at Osterøy Utvikling vart avvika pr 1.4.05, tok kompensasjonsstyret på seg å forvalte restmidlane på 1,65 mill kr. Det er brukt midlar i samband med vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule, m.a. innan feltet avansert maskinering. Dette ser ut til å gi svært gode resultat, både m.o.t. nytt skulebygg som fylkestinget har vedteke å ha ferdig til skulestart i 2010 og utvikling av undervisningstilbodet. Industrikonsulenten har teke på seg sekretariatsfunksjonen for **"Komiteen for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule"** som vart oppretta i 2005. Denne komiteen har etablert prosjektet «Kompetansesenteret for avansert

maskinering, KAM» med Osterfjord Nærings-samarbeid/ Industrikonsulenten som sekretariat. Prosjektet har i tillegg til midlar frå Osterøy Utvikling/ kompensasjonsstyret også fått midlar gjennom Regionalt Næringsfond for Osterfjord, frå fylket og ikkje minst gjennom innsats og gaver frå næringslivet. Det er engasjert 2 prosjektleiarar. Senteret har 3 styrte CNC-maskinar og 2 robotar. Oppdatert informasjon vert lagt ut på [www.rup.no](http://www.rup.no), søk «avansert maskinering».

\* Industrikonsulenten har for 2005/ 06/ 07 hatt **sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Nærings-samarbeid**. Osterfjord Nærings-samarbeid vert finansiert m.a. med tilskott frå Hordaland fylkeskommune. Osterfjord Nærings-samarbeid får også midlar via Hordaland fylkeskommune til Regionalt næringsfond for Osterfjord. Sjå eiga årsmelding.

\* Gjennom Osterfjord Nærings-samarbeid har Industrikonsulenten vore prosjektleiar for eit EU-finansiert prosjekt; **TECHTRA, Technology Transfer Information Network**. Prosjektet vart sluttrapportert tidleg i 2007. Prosjektet var ei vidareføring av Nærinettprosjektet og byggjer på bedriftsbasen [www.vestnett.no](http://www.vestnett.no) og nyhendetenesta [www.narinytt.no](http://www.narinytt.no). Annakvar veke får bedrifter i Osterfjordområdet handplukka nyhende tilsendt pr e-post. Sluttrapport, evalueringsrapport med meir finst på [www.rup.no](http://www.rup.no), søk «TECHTRA».

\* Ei anna viktig oppgåve i Osterfjord Nærings-samarbeid har vore igangsetting av eit **utviklingsprosjekt for å utløse bioenerginæringa i Hordaland**. På slutten av 2005 sette fylkestinget av ei ramme på 4 mill kr over 3 år til denne satsinga med Industrikonsulenten som prosjektleiar. Fleire Osterøy-bedrifter har engasjert seg på området og **Osterøy Energi AS** og **Palle Karm og Kassefabrikken AS** har fått tilsegn om tilskott. For oppdatert informasjon, sjå [www.rup.no](http://www.rup.no), søk «bioenerginæring».

\* Gjennom Osterfjord Nærings-samarbeid har Industrikonsulenten vore prosjektleiar for **forprosjekt for mogelege nær/fjernvarmeanlegg og anlegg for varme-produksjon i Osterfjordregionen**. Forprosjektet vart fullført sommaren 2007. Ein samlerapport samt delrapportar for Lonevåg, Vaksdal og Dale er tilgjengelege på Industrikonsulenten sin heimeside og på [www.rup.no](http://www.rup.no), søk "Osterfjord".

\* Industrikonsulenten er sekretær for prosjektgruppa som arbeider for utvikling av **mobiltoalett**. Partnerar her er Tysse Mek Verksted AS (tilhengar), Jets Standard AS, Hareid, (vakuum toalettteknologi) og Mjøs Metallvarefabrikk AS (produsent av vakuum toalettpumper). 2 vogner har vore til uttesting i 2007 m.a. ved ulike tilskipingar.

\* Industrikonsulenten har vore pådrivar for å få i stand ein **samarbeidsavtale mellom Osterfjord-regionen og Høgskulen i Bergen**. Avtale vart inngått 15.3.2007.

\* Industrikonsulentene har vore pådrivar for etablering av prosjektet **Autoadm**, eit samarbeid mellom bygg- og anleggsbransjen i Osterfjordregionen og IKT-miljøet i Modalen for å utvikle betre administrative løysingar for dei minste bedriftene.

## MØTE, KURS, FOREDRAG

Forutan møteverksemd mm. i samband med ovan-nemnde kan nemnast;

- **TPM-kurs** i regi av Samarbeidsutvikling AS i samarbeid med Osterøy Industrilag ved Borge Garveri AS der fleire Osterøybedrifter tok del.
- Synfaring for den nye **nærings sjefen** i Osterøy kommune.
- Tale under 50-årsjubileet for **K Lerøy Metallindustri AS**.
- Studietur til **biogassanlegg i Lillehammer**.
- Organisert synfaringar til **bioenergianlegg**/ i samband med forprosjekt for bioenergianlegg.
- Foredrag på møte om planane for **Business Region Bergen**.
- Foredrag under årsmøtet for **Sveio Bioenergi BA**.
- Delteke ved **næringsutviklingskonferansen** for Hordaland; "Slik gjer vi det".
- Delteke ved **kurs i styrearbeid**.
- Delteke ved møte for **regionale tiltaks kontor**.
- Møte med **Nordhordland Handverk og Industrilag**.
- "Undervisningstime" for **ungdomsbedrifta "Cash"**.
- Organisert intervjurunde for nrk Hordaland om **"robotklassen"**.
- Delteke ved seminar i regi av fylkeskommunen om nye **EU-program**.
- Delteke ved **nyskappingsseminar ved Høgskolen i Bergen**.
- Bidratt ved synfaring til **bioenergianlegg** for sentrale **KrF-politikarar**.
- Delteke ved **Næringskonferansen for Nordhordland**.
- Synfaring med **Statens vegvesen**.
- Delteke ved **Bioenergidagane** på Gardermoen.
- Delteke ved møte for **næringsorganisasjoner i Bergensregionen**.
- Foredrag ved **BI Bergen** om **næringsutvikling** på Osterøy.
- Opningstale ved **Utdanningsmessa** i Osterøyhallen.

## STYRINGSUTVAL

Styringsutvalet har hatt følgjande samansetning:

### Formann : Lars Magne Bysheim

Willy Helgesen, vara Jorunn Jacobsen  
Svein Skulstad, vara Jostein Jacobsen  
Ordførar Kari Forseid Aakre.

## DØME PÅ SPØRSMÅL SOM INDUSTRIKONSULENTEN HAR HANDSAMA I 2007.

- Korleis skal eg registrere eit enkeltpersonforetak?
- Me vil introdusere i marknaden eit nytt produkt der me vil nytte 3 ulike underleverandørar frå Osterøy. Me skulle gjerne ha snakka med deg.
- Kan du hjelpe meg med utarbeiding av ein næringsfagleg vurdering slik at eg kan få støtte gjennom NAV i samband med etableringa?
- Me har bruk for ein stad å plassere lausmassar. Kan du hjelpe oss?
- Korleis går me fram når lærlingen vår skal opp til fagprøven?
- Eg har kapital og erfaring. Du må gjerne tipse aktuelle samarbeidspartnarar.
- Eg vil ha meg ein samarbeidspartnar. Korleis bør me organisere selskapet?
- Me skal introdusere fleire nye produktnamn. Korleis kan me sikre oss at me ikkje kjem i konflikt med eventuelle rettar til namna?

## REKNESKAP 2007

	Utgifter	Inntekter
Tilskott frå Osterøy kommune		150.000,00
Tilskott frå Osterfj Nærings		95.000,00
Tilskott frå andre		36,00
Sekretærgodtgjersle Industrilaget		40.000,00
Konsulentonorar		81.522,00
Prosjektinntekter		1.154,00
Renter		33.149,22
Løn inkl sos utg*	313.269,00	
Revisjon	500,00	
Kontorkostnader	30.454,40	
Reise/diett elles	1.943,00	
Km godtgjersle	4.722,00	
Gebyr	95,00	
Overskott	49.878,22	
	<b>400.861,22</b>	<b>400.861,22</b>
Nordea 31.12.08	1.017.924,10	
Kundefordringar	16.500,00	
Skuldige lønskostnader		9.171,00
Skuldig skattetrekk		0
Skuldig arbeidsgj.avg.		2.074,00
Skuldig mva		18.937,00
<b>Eigenkapital</b>		<b>1.004.242,10</b>
	<b>1.034.424,10</b>	<b>1.034.424,10</b>

\* L Mjøs er også løna direkte frå Osterfjord Nærings samarbeid for prosjektoppgåver.

Kasserar: Lars Mjøs. Revisor: Norodd Helle

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## TIL DI TENESTE

### FOR KVEN ?

Alle som driv eller har lyst til å driva næringsverksemd på Osterøy, har høve til å nytta Industrikonsulenten. Verksemda di eller planane dine kan vera frå dei minste til dei største og i alle bransjar.

### KVA SLAG SPØRSMÅL ?

Alle typar spørsmål som har med næringsverksemd å gjera, kan rettast til Industrikonsulenten. Me vil anten kunne svara på dei sjølve eller finna fram til stader der du kan få svar. Alle opplysningar vert handsama fortruleg.

### KVA KOSTAR DET ?

Tenestene til Industrikonsulenten er gratis dersom du er nyetablerar eller me treng kort tid for å finna svar på spørsmålet ditt. Dersom spørsmålet ditt krev meir arbeid, må du etter avtale betale ein timepris frå kr 400 til kr 500.

### KVEN STÅR BAK ?

Det er Osterøy Industrilag som har teke initiativ til stillinga og tilsett Industrikonsulenten. Osterøy kommune støttar stillinga økonomisk og held kontor, telefon og breiband. Industrilaget betaler sekretærgodtgjersle og ein del inntekter kjem frå oppdrag me utfører for næringslivet og for Hordaland fylke. Ordføraren er representert i styringsutvalet for verksemda.

### KVEN ER ME ?

**Lars Mjøs** har vore tilsett i deltids-stilling som Industrikonsulent sidan 1982. Han er utdanna sivilingeniør, maskinlina, ved Norges Tekniske Høgskule, no NTNU. Han har vidareutdanning innan undervisning og miljøvern, mellom anna arbeidsmiljøspørsmål.

Han har vore med å skrive boka "Fem små mekaniske verksteder" og boka "Grunnbok i bedriftslære".

Han har 1 års verkstadpraksis frå Nylands Mekaniske Verksted i Oslo før han tok til med utdanninga og han har arbeidd 2 år som skipsvinsjkonstruktør ved BMV, Hordvikneset. Han driv også eiga konsulentverksemd med etableraropplæring og nyskaping som spesialitet.

### KORLEIS FÅ TAK I INDUSTRIKONSULENTEN ?

Ring direktenummer 56 19 22 70, mobil 416 28 531, faks 56 19 21 01. E-postadressa er; [lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no) . Du kan og vitje Industrikonsulenten i "bustaden" ved rådhuset på Hatland. Gi melding i servicekontoret i rådhuset dersom du ikkje får tak i Industrikonsulenten, så kontaktar han deg.

Nærare informasjon finn du på [www.osteroyindustrilag.no/indkons](http://www.osteroyindustrilag.no/indkons)